
Saksnr: 2021/6469-1
Saksbehandlar Tom Arne Steinstad
Dato: 26.02.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

Integrasjon av bysyklar i Skyss sine salskanalar

Følgjande verbalforslag vart vedtatt av fylkestinget 15. desember 2020 (PS 137/2020):

"Fylkestinget syner til Kollektivprisen 2020 som vart vunnen av Rogaland fylkeskommune og mobilitetsselskapet Kolumbus for deira heilskaplege tilnærming til mobilitet. Vestland fylkeskommune må i sitt vidare arbeid ta sikte på integrerte løysingar og produkt som omfattar alle former for mobilitet. Fylkestinget ber om at det i første kvartal 2021 vert lagt fram ei sak om korleis bysyklar kan inkluderast i reiseprodukta til Skyss/Vestland fylkeskommune."

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport vil i dette notatet gje ei orientering om status for arbeidet med verbalforslaget.

Reiseplanleggar

I 2020 vart bysyklar i Bergen inkludert i Skyss Reiseplanleggar. Dette inneber at brukare av Skyss Reiseplanleggar kan velja om dei vil sjå kvar og kor mange bysyklar som er ledig i Bergen.

Salskanalar

Når det gjeld betaling for bysyklar som ein integrert del av Skyss sine betalingsløysingar, er dette ein funksjonalitet som heng saman med ny betalingsplattform som Skyss jobbar med å utvikla. Bakgrunnen for endringane, kva slags tankar som ligg bak arbeidet med salskanalar og betalingsmåtar, og dessutan kva slags påverknad og implikasjonar dette har for kundane vart gjort reie for sak som vart framlagt for fylkesutvalet 30.04.2020 (RS 37 /2020).

Dei nye salskanalane er ein viktig føresetnad for å leggje til rette for framtidig satsing på mobilitet, til dømes det å inkludera bysyklar i reiseprodukta til Skyss. Dei nye løysingane tar nemleg i bruk Entur sin interoperable, kontobaserte plattform. Med interoperabilitet har ein meir fleksibilitet og valmoglegheiter i kvar og korleis ein sel og kontrollerer billetter, noko som mogleggjer integrasjon av andre modalitetar.

Ny løysing for sal om bord er ikkje ferdig utvikla, men den er kommen langt nok til at den kan installerast i bussar. Alle dei nye bussane i ruteområda Bergen nord og Bergen sentrum er utstyrt med nytt system og i løpet av våren/sommaren vil dei resterande kontraktsområda i Hordaland få installert den nye om bord-løysinga. I tillegg vert det jobba med å leggja til rette for at løysinga kan takast i bruk i heile fylket. Når ny takts/sonestruktur for buss og bybane i heile Vestland vert implementert vil dei nye løysingane òg kunne rullast ut i Sogn og Fjordane.

I tillegg til ny om bord-løysing er det utvikla ein nettbutikk som vart lansert 18. januar. Her kan kundar kjøpa både enkeltbilletter og periodebilletter til buss og båt i Hordaland. Det jobbast med å leggja til rette for at også denne løysinga kan takast i bruk i heile fylket.

Sjølv om om bord-løysinga vert rulla ut og nettbutikken er lansert, står det att ein del utvikling før løysingane er ferdigstilte. Det dreier seg mellom anna om integrasjon av bankterminalar om bord, bedriftsløysing og skoleskyssfunksjonalitet. Dette arbeidet er prioritert og må ferdigstillast før Skyss vil vera i stand til legga til rette for at byar og distrikt, som har ein bysykkelordning, får tilgang til sal gjennom Skyss sine kundeløysingar. Utviklinga må òg ferdigstillast før Skyss kan ta stilling til om bysyklar skal gjerast tilgjengeleg i den nye nettløysinga, billett app eller begge delar.

Finansiering av tiltaket

I tillegg til ferdigstilling av dei tekniske løysingane, står det att å kartlegga kva det vil kosta å inkludera bysyklar i billettane til Skyss. Vidare er det uavklart korleis forslaget skal finansierast. Dersom Skyss sine kundar skal få rabatt på bysyklar må det greiast ut kva type billett det er mest hensiktsmessig å inkludera i tiltaket og om og eventuelt då kor stor rabatt ein skal gi. Ei eventuell løysing fordrar òg at fylkeskommunen inngår avtale med Bergen kommune som eig, driftar og finansierer Bergen Bysykel. Innleiande dialog knytt til dette er oppretta.

Konklusjon

Når utviklinga av dei nye salsløysingane er ferdig vil fylkesrådmannen legga fram ei sak om kva forslaget er berekna å kosta, korleis det kan finansierast og når det eventuelt kan implementerast.